



Kopimottakar
Vestland fylkeskommune
Postboks 7900

5020 BERGEN

Arkivsakid-doknr: 21/528-1
Journalpostid: 21/5044

Saksh: Anders Vatle
Telefon:

Arkivkode
Dato: 10.06.2021

Ber om møte om strategi for handtering av CWD på Hardangervidda

Viser til pressemelding frå Villreinnemnda for Hardangervidda og Hardangervidda villreinutval.

Ordførarane rundt Hardangervidda er svært uro for Mattilsynet si tilråding vedkomande bestandsreduksjon som tiltak i kampen mot CWD på Hardangervidda. Med dette som bakgrunn vil me argumentera for at Regjeringa må følgje Miljødirektoratet si tilråding på dette punktet.

For oss er det svært viktig at forvaltninga skjer på eit best mogleg kunnskapsgrunnlag, og at det skjer i samråd med lokale forvaltningsorgan.

Me ber difor om at Landbruks- og Matdepartementet og Klima- og Miljødepartementet med øvste politiske leiing kallar inn til eit møte med ordførarane i kommunane rundt Hardangervidda før det vert fatta endeleg avgjersle om strategi for handtering av CWD på Hardangervidda.

Med venleg helsing

Anders Vatle
Ordførar
Eidfjord kommune

Hans Petter Thorbjørnsen
Ordførar
Ulvik herad



Petter Rukke
Ordfører
Hol kommune

Jan Gaute Bjerke
Ordfører
Nore og Uvdal kommune

Viel Jaren Heitmann
Ordfører
Rollag kommune

Steinar Bergsland
Ordfører
Tinn kommune

Jon Rikard Kleven
Ordfører
Vinje kommune

Roald Aga Haug
Ordfører
Ullensvang kommune

Andre mottakrar:
Klima- og
Miljødepartementet
Landbruks- og
Matdepartementet

Postboks 8013 DEP	0030	OSLO
Postboks 8007 Dep	0030	OSLO

Kopi til:

Hol kommune		3576	HOL
Nore og Uvdal kommune	Sentrum 16	3630	RØDBERG
Rollag kommune	Vrågåvegen 10	3626	ROLLAG
Tinn kommune	Postboks 14	3661	RJUKAN
Ullensvang kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Ulvik Herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK

Kopi til:

Vestfold og Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Viken fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG
Vinje kommune	Vinjevegen 192	3890	VINJE

Kopi til arkiv og kopibok

Vedlegg:

Dok.nr
174817

Tittel

2021-06-07 Pressemelding etter cwd-møte med Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet (002)

KOP



PRESSEMELDING

Skrantesjuka (cwd) på Hardangervidda – Strategi og tiltak

Møte med Klima- og Miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet

Villreinnemnda og Villreinutvalet for Hardangervidda har i dag gjennomført møte med Klima- og miljøminister Sveinung Rotevatn i Klima og miljødepartementet (KLD) og statssekretær Widar Skogan, i Landbruks- og matdepartementet (LMD)

Alle involverte partar er einige om at skrantesjuka (cwd) er ein forferdeleg sjukdom og at den må takast på alvor. Handtering av cwd vil påvirke oss i mange år framover.

Lokal forvaltning med Villreinnemnda, som det offentlege organet, og Villreinutvalet, rettighetshavarane og jegrane, som dei private aktørane, har over fleire år bidrege til at me har eit godt utgangspunkt for å handtere cwd situasjonen på Vidda på ein god måte.

Miljødirektoratet (MDIR) og Mattilsynet (MT) og lokal forvaltning/rettighetshavarar/jegrar er samde om det meste. Striden står om det eine punktet; Bestandsreduksjon. Og på akkurat dette punktet er strategien til MDIR og strategien til MT/VI ekstremt ulike. MDIR ynskjer, som oss, å oppretthalde ei stamme med ein årleg kalvetilvekst på om lag 1.500 kalv, medan MT ynskjer å redusere stamma til «genetisk levedyktig bestand» (anslått til 500-1000 dyr) i løpet av 2-3 år.

Målet vårt med møtet var å argumentere for at Regjeringa må velge MDIR sin strategi, - fordi dette er den strategien som er mest i tråd med VKM-rapporten og fordi det i realiteten er den einaste strategien som kan lukkast.

Me fokuserte på fylgjande hovudpunkt:

- Regjeringa må forstå verdien av at lokal forvaltning stiller seg 100% bak MDIR sin strategi, og at me gjennom dei siste åra har bevist at me aksjonerer og forvaltar villreinen ansvarsbevisst og effektivt
- Regjeringa må forstå at det er MDIR sin strategi som er mest i tråd med VKM-rapporten (herunder dei sentrale tilrådingane om behov for kunnskapsbygging og adaptiv forvaltning)
- Regjeringa må sjå at MT si tilråding er basert på ei krisemaksimering, og eit tidsperspektiv for cwd-smitte, som det absolutt ikkje er vitenskapeleg grunnlag for
- Regjeringa må forstå at MT sin strategi om bestandsreduksjon ikkje har nokon aksept hjå lokal forvaltning, rettighetshavarar eller jegrar, – og at historien har vist at mål og virkemiddel må forankrast lokalt, ikkje berre sentralt, for å lukkast

MT sine tiltak når det kjem til bestandsreduksjon er altfor drastiske

I perioden 1995 til 2018 er det anslått ein reduksjon i villreinbestandane i verden på 56 % (frå 4,7-2.1 millionar dyr). No vil Mattilsynet i praksis ta ut Hardangerviddabestanden som utgjer 30% av villreinbestanden på det europeiske kontinentet, - basert på funn av 1 smitta dyr på Vidda...

- uten at dei veit kor cwd har kome frå,
- utan at dei veit om cwd finnest i andre villreinområde
- uten at dei veit om det faktisk hastar å aksjonere slik som dei føreslår



Villreinemnda
for Hardangerviddaområdet



Hardangervidda
villreinutval

Drastiske tiltak krev tilsvarande gode beslutningsgrunnlag. Dèt har ikkje Mattilsynet i denne saka. Rapporten frå Vitenskapskomiteen for mat og miljø (VKM), som vart bestilt av Mattilsynet og Miljødirektoratet, er meint å vera ein oppdatert status for kunnskap om cwd, og den er meint å peike på viktige tiltak. På punktet om bestandsreduksjon meiner me Mattilsynet sin strategi er i direkte strid med viktige føringar/tilrådingar i VKM rapporten om viktigheita av adaptiv forvaltning og kunnskapsbygging. Me meiner og at Mattilsynet si tilnærming ser heilt bortifrå alle dei usikkerheitene som er tydeleg skildra i VKM-rapporten. Like tydeleg seier rapporten at på grunn av manglande kunnskap kan ein ikkje seie om alle tiltak er rette eller korvidt det hastar å iverksetje dei. Med slik usikkerheit kan ein ikkje setje i verk så drastiske tiltak som å redusere bestanden ned til «genetisk levedyktig nivå», før ein har betydeleg betre kunnskapsgrunnlag!

Det er signalisert at det skal utarbeidast ein del 2 av VKM rapporten som bl.a skal omhandle viltforvaltningsmessige og samfunnsmessige forhold knytt til cwd. Me etterlyser iverksetjing av dette arbeidet, og meiner at også dette må på plass før ein iverkset for drastiske tiltak.

Me ber innstendig om at Regjeringa fylgjer Miljødirektoratet si tilråding og strategi for handtering av skrantesjuka på Hardangervidda, - og at Mattilsynet sin strategi vert forkasta.

7.juni 2021

Endre Læg Reid
Leiar Villreinemnda for Hardangervidda
957 58 806

Henning Poulsson
Leiar Villreinutvalet for Hardangervidda
901 10 964